



Møteprotokoll

Kommunestyret

- Dato: 19.03.2019 kl. 18:00-21:50.
Stad: Gol skule - Aulaen
Arkivsak: 15/02299
Møteleiar: Ordførar Heidi Granli.
- Tilstades: Heidi Granli (Arbeiderpartiet), Sigrun Eng (Arbeiderpartiet), Jon Anders Hefte (Arbeiderpartiet), Martha Nistad (Arbeiderpartiet), Leif Norhaug (Arbeiderpartiet), Britt Vikane (Arbeiderpartiet), Tor Helge Bergh (Fremskrittspartiet), Kristin Gabrielsen (Fremskrittspartiet), Roger Toppen (Høyre), Tom Rune S. Blakkestad (Høyre), Arne Nibstad (Høyre), Hege Jensvoll (Høyre), Tore Ness (Høyre), Anne Gerd Jorde (Kristeleg Folkeparti), Herbrand Jegleim (Senterpartiet), Kristin Bakke Haugen (Senterpartiet), Kari Anita Brenna (Senterpartiet), Live Surlien (Sosialistisk Venstreparti), Jan Kattenberg (Venstre), Helge Anders Feet (Venstre).
- Møtande varamedlemar: Camilla Larsen Hoftun (Arbeiderpartiet).
- Forfall: Hanne Brunborg (Arbeiderpartiet).
- Andre: Rådmann Hege Mørk.
- Protokollførar: Leiar Sekretariat og tenestetorg Mona Hagen.
- Merknadar: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste. Det var pause i møtet frå 19.15-19.30. Det var gruppemøte frå kl. 20.10-20.20.
- Gol ungdomsråd: Gol ungdomsråd presenterte sine aktivitetar og saker dei har engasjert seg i. Tore Ness (H) og Jan Kattenberg (V) stilte spørsmål.
- Elevrådet: Elevrådet gjorde greie for sitt syn på lekser i skulen i forkant av behandling av tilstandsrapporten for Gol skule. Kristin Gabrielsen (FRP), Kristin Bakke Haugen (SP), Helge A. Feet (V), Kari Anita Brenna (SP) og Live Surlien (SV) stilte spørsmål. Inspektør Morten Svensgård svara på spørsmål.
- FAU: FAU-leiar Elin Flaget hadde innlegg på vegne av FAU.

Orienteringar: Gol sambruksstasjon.
Gol stasjon.
Ny politikontakt.
Regionrådet – Hallinghelse, Viken distriktskontor i Hallingdal.

Interpellasjon: Demokrati og openheit i Gol kommune.
Roger Toppen (H) stilte spørsmål til ordføraren om ordføraren vil ta initiativ til å leggje kalenderane til ordførar og rådmannen ut på kommunen si heimeside. Ordførar Heidi Granli (AP) svara på spørsmålet. Roger Toppen (H) takka for svaret. Ordførar Heidi Granli (AP) hadde sluttreplikk.

SAKSKART**Side****Saker til behandling**

20/19	19/00516-1	Gol skule- tilstandsrapporten 2018	4
21/19	19/00516-2	Læringscenteret - tilstandsrapporten 2018	5
22/19	19/00420-1	Korps i skolen og kulturskolen	6
23/19	18/04520-8	Ny handsaming - vedtekter for skulefritidsordning i Gol - justering frå 1.6.2019 - korrigert saksframstilling	7
24/19	19/00581-1	Heimlar til stillingar i Omsorgsløftet	8
25/19	19/00460-1	Bu- og omsorgstilbod til psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester	9
26/19	17/00818-11	Byggerekneskap for GUS byggetrinn 1 - lokaler for GVS og karrieresenteret	10
27/19	18/03695-13	Endring i gebyr og priser for 2019- meirverdiavgift på tilsyn av fyringsanlegg	11
28/19	19/00378-1	Opptak av startlån 2019	12
29/19	19/00606-1	Norsk Reiselivsfagskole - regional delfinansiering	13
30/19	19/00015-12	Søknad om serveringsløyve - Skagahøgdi Skisenter AS	14
31/19	19/00334-1	Val til styret i Gol skysstasjon	15

Vi stadfester med våre underskrifter at møteprotokollen er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.

Anne Gerd Jorde

Roger Toppen

Saker til behandling

20/19 Gol skule - tilstandsrapporten 2018

Arkivsak-dok. 19/00516-1

Saksbehandler Hallvor Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	15/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	20/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 20/19

Behandling

Saksordfører: Jan Kattenberg.

Desse hadde ordet: Kari Anita Brenna (SP), Martha Nistad (AP), Jan Kattenberg (V), Kari Anita Brenna (SP) replikk, Roger Toppen (H), Anne Gerd Jorde (KRF).

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner tilstandsrapporten for Gol skule 2018.
2. Kommunestyret forventar at rådmannen og skulen brukar vurderingane og konklusjonane som utgangspunkt for forbetningsarbeid og styrka innsats for betre læringsresultat og betre læringsmiljø.

[Lagre]

21/19 Læringscenteret - tilstandsrapporten 2018

Arkivsak-dok. 19/00516-2

Saksbehandler Hallvor Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	16/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	21/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 21/19

Behandling

Britt Vikane (AP) ba kommunestyret ta stilling til sin habilitet då ho er rektor ved Læringscenteret. Britt trådte ifrå medan kommunestyret tok stilling til habiliteten. Kommunestyret vedtok mot 1 røyst (Roger Toppen H) at Britt Vikane (AP) var inhabil. Ingen møtte som vara.

Saksordførar: Live Synnøve Surlien.

Desse hadde ordet: ordførar Heidi Granli (AP) overlet klubba til varaordførar Helge Feet (V) og hadde ordet, Martha Nistad (AP), Jan Kattenberg (V).

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kommunestyret godkjenner tilstandsrapport 2018 for Læringscenteret.

[Lagre]

22/19 Korps i skolen og kulturskolen

Arkivsak-dok. 19/00420-1

Saksbehandler Mads Elbrønd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	18/19
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.03.2019	20/19
3 Kommunestyret	19.03.2019	22/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 22/19

Behandling

Saksordførar: Herbrand Jegleim.

Desse hadde ordet i saka: Anne Gerd Jorde (KRF), Kari Anita Brenna (SP) som gjorde framlegg om at saka sendast attende til administrasjonen for ei breiare utredning.

Vidare hadde desse ordet: Leif Norhaug (AP), Anne Gerd Jorde (KRF) replikk, Live Surlien (SV), Martha Nistad (AP), rådmann Hege Mørk som ga ordet til kulturleiar Mads Elbrønd, Roger Toppen (H), Jan Kattenberg (V). Kristin Bakke Haugen (SP) ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet hadde Kristin Bakke Haugen (SP) ordet. Senterpartiet trekte framlegget frå Kari Anita Brenna (SP) og fremja i staden eit nytt framlegg frå SP, SV og KRF:

«1. Innføre korps i skulen for 4. klasse eller 5. klasse frå hausten 2019. Utgiftene inntil kr. 300.000,- innarbeides i budsjettet for 2020. Utgiftene for 2019 kr. 125.000,- tas i budsjettjustering.

2.Utgifter til dirigent vurderes i budsjettbehandlingen».

Jon Anders Hefte (AP), Sigrun Eng (AP) og Kristin Bakke Haugen (SP) hadde ordet.

Votering

Det vart fyrst røysta over SP, SV og KRF sitt framlegg. Dette fekk 6 røyster(SV, KRF, SP og Arne Nibstad (H) og fell.

Det vart deretter røysta over punkt 1-3. Dette vart vedteke mot 4 røyster (SP og KRF)

Til sist vart det votert voer punkt 4 separat. Dette vart vedteke mot 5 røyster (Roger Toppen H, Hege Jensvoll H, Tore Ness H og FRP)

Vedtak

1. Kommunestyret tar saken til orientering.
2. Sak om korps i skolen og kulturskolen avsluttes, da der ikke finnes økonomi til tiltaket.
3. Kommunestyret anbefaler Gol barne- og ungdomskorps å søke samarbeide regionalt med korps på Nes og Hol om vidare drift og tiltak for rekruttering i hele Hallingdal.
4. Tilskudd til Gol barne- og ungdomskorps vurderes i budsjettbehandlingen for 2020.

[Lagre]

23/19 Ny handsaming - vedtekter for skulefritidsordning i Gol - justering frå 1.6.2019 - korrigert saksframstilling

Arkivsak-dok. 18/04520-8

Saksbehandler Hallvor Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	19.03.2019	23/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 23/19

Behandling

Saksordførar: Martha Nistad.

Desse hadde ordet i saka: Jan Kattenberg (V) og Kristin Bakke Haugen (SP).

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Endre i punkt 8 i vedtektene – sommarope SFO krev deltaking av minimum 5 born i gjennomsnitt pr. dag.

-Kommunestyret godkjenner justerte endringar i vedtektene for Skulefritidsordninga i Gol kommune gjeldande frå 1.6.2019, slik at desse er tilpassa eit sommarope SFO i regi av Gol skule.

-Administrasjonen oppfordres til å inngå avtale med IFO for å ha eit ferietilbud.

-Administrasjonen oppfordres til å lage eit innskulingstilbud til skulestartere.

[Lagre]

24/19 Heimlar til stillingar i Omsorgsløftet

Arkivsak-dok. 19/00581-1

Saksbehandler Aud Torill Sæbø

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	20/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	24/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 24/19

Behandling

Saksordførar: Jan Kattenberg.

Desse hadde ordet i saka: Roger Toppen (H), rådmann Hege Mørk som svara på spørsmål frå Roger Toppen (H). Roger Toppen (H) replikk, rådmann Hege Mørk duplikk, Herbrand Jegleim (SP), Helge Feet (V), Sigrun Eng (AP) som stilte spørsmål til rådmannen. Rådmannen svara på spørsmålet, Jan Kattenberg (V),

Votering

Samrøystes.

Vedtak

I samband med oppfølging av «omsorgsløftet» blir det oppretta heimlar i desse stillingane:

- Helsesjukepleier (Helsesøster) 100 % stilling
- Leiar i Miljøterapitenesta 100 % stilling
- Leiar i Miljøterapitenesta 50 % stilling
- Sjukepleiar institusjon 100 % stilling
- Sjukepleiar institusjon 100 % stilling
- Sjukepleiar institusjon 100 % stilling
- Sjukepleiar institusjon 50 % stilling
- Sjukepleiar heimetenesta 100 % stilling
- Helsefagarbeidar heimetenesta 50 % stilling

Kostnaden er innarbeida i budsjett 2019 og økonomiplan for 2020 og 2021.

[Lagre]

25/19 Bu- og omsorgstilbod til psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester

Arkivsak-dok. 19/00460-1

Saksbehandler Aud Torill Sæbø

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Arbeidsmiljøutvalet	04.03.2019	4/19
2 Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	04.03.2019	2/19
3 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	19/19
4 Kommunestyret	19.03.2019	25/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 25/19

Behandling

Saksordfører: Kristin Bakke Haugen.

Desse hadde ordet: Anne Gerd Jorde (KRF)

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Gol kommune takkar nei til å vera med i hovudprosjektet Lærdals-modellen.
2. Utvikling av bu- og omsorgstilbod til rus- og psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester blir sett på dagsorden på økonomikonferansen 2019, og skal med i handlingsprogrammet 2020-2023.

[Lagre]

26/19 Byggerekneskap for GUS byggetrinn 1 - lokaler for GVS og karrieresenteret

Arkivsak-dok. 17/00818-11

Saksbehandler Svein Eide

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	05.03.2019	20/19
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.03.2019	18/19
3 Kommunestyret	19.03.2019	26/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 26/19

Behandling

Saksordfører: Anne Gerd Jorde.

Helge Feet (V) hadde ordet og ordfører Heidi Granli svara på spørsmålet. Anne Gerd Jorde (KRF) hadde replikk.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Gol kommunestyre godkjenner sluttrekneskapen for ombygging av gamle Gol ungdomsskule til lokaler for Gol vidaregåande skule og Karrieresenteret med ein samla kostnad på kr 5 904 416 og eit mindreforbruk på kr 343 059.
2. Det blir satt av kr 40.000 til utgifter med slutføringa av prosjektet.
3. Ubrukte midlar på kr 303.059 blir nytta til nedbetaling av lån.

[Lagre]

27/19 Endring i gebyr og priser for 2019- meirverdiavgift på tilsyn av fyringsanlegg

Arkivsak-dok. 18/03695-13

Saksbehandler Svein Eide

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	05.03.2019	22/19
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.03.2019	22/19
3 Kommunestyret	19.03.2019	27/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 27/19

Behandling

Saksordfører: Jon Anders Hefte.

Kristin Bakke Haugen (SP) hadde ordet og stilte spørsmål til administrasjonen. Rådmann Hege Mørk svarte på spørsmålet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Gebyr og prisar for kommunale tenester for 2019 blir endra slik:

Punkt 4.28- tilsynsgebyr, er avgiftspliktig omsetning og fakturerast med mva.

Rådmann får fullmakt til å endre pris- og gebyrreglementet tilsvarende.

[Lagre]

28/19 Opptak av startlån 2019

Arkivsak-dok. 19/00378-1

Saksbehandler Elin Pedersen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	21/19
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.03.2019	23/19
3 Kommunestyret	19.03.2019	28/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 28/19

Behandling

Saksordfører: Leif Norhaug.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kommunestyret i Gol vedtek å ta opp startlån på 3 000 000,- kroner i Husbanken.
Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkår.

[Lagre]

29/19 Norsk Reiselivsfagskole - regional delfinansiering

Arkivsak-dok. 19/00606-1

Saksbehandler Hege Mørk

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.03.2019	19/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	29/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 29/19

Behandling

Saksordfører: Hege Jensvoll.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kommunestyret i Gol er positiv til regional delfinansiering av Norsk Reiselivsfagskule og vil støtte prosjektet med kr. 80 000,- fordelt over år 2 og 3. Kostnader for år 2 og 3 blir lagt inn i økonomiplan for 2020 – 2023.

[Lagre]

30/19 Søknad om serveringsløyve - Skagahøgdi Skisenter AS

Arkivsak-dok. 19/00015-12

Saksbehandler Hege Kristin Stubsve Bang

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	06.03.2019	22/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	30/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 30/19

Behandling

Saksordførar: Live Synnøve Surlien.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Skagahøgdi Skisenter AS, org. nr. 919815221 får serveringsløyve i SkiCaféen.
2. Opningstida vil vere kvar dag i vintersesongen, 15.11.-01.05. alle år frå kl. 10.00-22.00.
3. Anniken Merete Hov Skagefoss blir godkjent som dagleg leiar for verksemda.
4. Serveringsløyve gjeld frå den dato kommunestyret gjer vedtak.

[Lagre]

31/19 Val til styret i Gol skystasjon

Arkivsak-dok. 19/00334-1

Saksbehandler Mona Hagen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	19.02.2019	2/19
2 Kommunestyret	19.03.2019	31/19

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.03.2019 sak 31/19

Behandling

Saksordfører: Leiar i valnemnda Jon Anders Hefte.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Valnemnda rår til at styremedlem Herbjørg Dalene Bjerke med varamedlem Hege Jensvoll blir attvalt til styret i Gol skystasjon for perioden 2019-2021.

[Lagre]